

# Fjågesund Posten

Nr. 3 november 2023



Øvre Vik

## MORO-KVELD!

**Fredag 24. november kl 18.00**

for alle på grendehuset.

Badminton. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL

## JOLEGRANTENNING


**Sondag 3. desember kl. 17.00**

på grendehuset.

- Servering av graut
- Kaker og kaffe
- Premiering for Ut På Tur 2023.

Velkomen!

Arr. Fjågesund IL



## JOLEKONSERT!

**Sondag 3. desember kl 19.00**

i Fjågesund kyrkje.

(Klokkeslettet i kyrkjebladet er feil!)

"No Boots" legg opp til eit variert repertoar og er veldig fornøgde med at bygdas eigne Veslemøy Bratås og Andrea Fjågesund blir med som gjesteartistar. I tillegg blir Merete Jørgensdottir Reinskås med på piano.

Inngang 250 kr., kontant eller vipps ved inngang.



Nordigard ca. 1920

## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose i innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

**Tysdag 5. desember kl 17.00**



# GUDSTENESTE

Kilen kapell

Sondag 10. desember kl 16.00

v/Møyfrid Lunde

"Eit annleis jolebord."

Offr. kyrkjelydens misjonsprosjekt

# HØGMESSE

Fjågesund kyrkje

Joleftan 24. desember kl. 12.45

v/Møyfrid Lunde



## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose i innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

Tysdag 23. januar 2024 kl 17.00

# NYTT PÅ NYTT!

Grendehuslaget har i sommar måla veggjar og dynnar i gangane oppe og nede. Trappa til kjellaren vart også måla. Det vart kjempefint!

Vindauget i salen mot parkeringsplassen fekk nytt glas etter at det vart knust ein gong i sommar.

Gjennomgangsboligen i Bergsto fekk erstatta den gamle brønnen med ny straum- og vatnslange og pumpe frå fjorden. Boligen har også dermed fått montert trykktank.

Visit Telemark har ein soveboks på Fjågesund bryggje. Ein dugnadsgjeng i regi av grendehuslaget har også i sommar hatt ansvar for tilsyn, reinhald og grasklypping der.

Grendehuslaget, Idrettslaget og Knarren løypelag er svært takksame for økonomisk støtte, dugnadstimar og god innsats til alle som har bidrege! Dette er heilt uunnverleg for å halde liv i bygda!  
**Tusen takk og godt nytt år!**



## NORSK TIPPING



Støtt Fjågesund grendehuslag eller idrettslag utan at det kostar deg noko ekstra.

Hvis du registrerar grendehuslaget eller idrettslaget som din Grasrotmottakar hos Norsk Tipping, vil Norsk Tipping betale 7% av innsatsen din til valgt lag utan at du tapar noko på dette.

# Godt Nytt År!

Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)